

Slektsbok for Skipavåg gnr. 98 bnr 1 i Vindafjord Rogaland.

Avskrift av slektsbok skrive av Bernhard Skipevåg i 1948

Garden ligg i indre enden av Vindafjorden, på nordre sida 4-5 km ut frå Ropeid som garden skifter med. Skipevag var den austre garden i Vigedals gamle skibreide. Gardane på sørsida frå Drengstig til og med Indre Rødne høyrde til Jelsa Skibreide, men alt låg i Imsland sokn. Denne skipnaden varte til om lag 1850.

Skipavåg er den største og beste hamna i Vindafjorden med lune vikar og holmar utføre.

Sjølve garden, tunet ligg ca 400 m frå sjøen. Riksvegen Sauda – Haugesund går framom. Til garden høyrer store skogsvidder, med mykje fin furuskog og gode fjellbeiter. Garden er gamal, det er funne våpen frå vikingtida.

Før garden blei oppdelt hadde han ei skyld på rundt 9 mark. I 1548 betalar garden i leidningskatt eit kalveskinn.

I 1661 eig ei bispeekkja frå Høle, kona etter salig Markus Christensen med hennes børn 4 pund smør i Skibevaag. Det vil seia heile garden.

I ei skiftesak i 1691 er rådmann i Stavanger Morten Seehusen blitt eigar av garden. Seinare eig sonen Severin Seehusen han.

På garden budde då, som mest på alle gardar elles leiglendingar. I Skipavåg Heillie og på nabogarden Hustoft budde Ola Torkelsen, som var gift med Lisbeth Anfinnsdotter Hustoft. Ho var fødd der på garden, men kvar Ola Torkelsen var frå veit me ikkje sikkert. Noko kunne tyda på at han var frå Rørtveit. På denne skifteretten 5. mai 1691 byter Ola Torkelsen gard med Heillie Skibeveg.

«Och dend ene i saa maade at beholde dend andens gaard och jord med hus och værelse aager och eng med dets afgrøde i alle maader saasom paa ethverts sted forefindes och med begge deres kvinders samtykke»

Med Lisbeth og Ola kom stamforeldra til Skipavågslekta inn på garden. I manntal frå 1701 er på Skibevaag førd opp husbond Ola Torkelsen 61 år. Han skulle såleis vere fødd rundt 1640.

Søner Nils 22 år, stående soldat og Torkel 11 år. Kvinnene var ikkje med i manntalet då.

Sonen Torkel gift med Brynhilde Torbjørnsdotter Øvra Kvaløynå kjøper og får skøyte på garden i 1721. Skøyta er tinglest på sommartinget på Hemnes dette året og lyder:

«Severin Svanenhjelm, (Severin Seehusen er no adla og har teke namnet Svanenhjelm.) Til Svanøe Stiftshampt – skriver over Bergenhus stiftt Stavanger og Nordlandene og Finnmarkens ampter kiender og hermed vitterliggjør at have soldt og afhendt, som jeg herved selger skiøder og afhender fra mig min hustru og arvinger till vedlagte Dannemand Torchel Olsen dend mig tilhørende Gaard Schibeavaag kaldet o.s.b. skylder aarleg 1 løb og et pund smør med bøxel o.s.b. og betalt herfor i rede penge 96 richsdaler»

Torchel Olsen døydde juletider 1739 og vart gravfestet 2. januar 1740. Hen let etter seg kona Bryndla og borna Ola, Torbjørn, Lisbeth, Britta, Marta og Bryndla. Av skifte går det fram at han åtte jordagods i Skipavåg med 4 pund smør, og udi Suieka (Sukka) i Solledahl, 16 mrk smør og i Huustved i Imsland 13 mrk smør.

Sonen Ola vert buande på garden, Torbjørn i Vikjå, seinare Berget. Lisbet vert gift med Bård Nielsen Finnaland. Slekta har butt på garden Finnaland til den blei fråflytta.

Britta vart gift med Elaus Øverland på Nedstrand. Marta vart seinare gift med Torbjørn Olsen Ilstveit. Slekta etter dei bur på garden enno.

Bryndla vart gift med Sjur Danielsen Hapnes. Mora, Bryndla Torbjørnsdatter gifter seg att same året i oktober 1740 med Johannes Bjørnsen Egeland, Vikedal. Dei bur so i Skipavåg og driv garden i 16 år.

I 1757 skøyter dei garden til Ola og flytter til Egeland, og tre av borna som ikkje er gifte flytter med. Johannes og Bryndla hadde ikkje born saman. Ho dør i 1767. Der er skifte etter henne i 1768 og då arver borna hennar frå Skipavåg jordagods i arvethomten Egeland (Eikeland).

Ola Torkelsen er gift med Inger Torjusdatter Ropeid. Mor hennar Borghilde Tormodsdatter var frå Våga.

I mars 1768 dett sonen deiras Torjus gjennom isen på Skipavåg, faren skulle berga han, men dei drukna begge to. Faren var 49, sonen 17 år. Enkja sit att med tre jenter, Bryndla 20 år, Borghilde 5 år, og Inger 1 år.

I 1769 vert dottera Bryndla gift med Lars Tjeraldsen af Jelsøe står der i kyrkjebøkene. Han var sonen til Tjerald Samuelsen som nokre år hadde butt på Holmane under Ropeid. Dei var komne frå Fosstveit i Sauda. Sand og Jelsa var i den tida eit prestegjeld.

Lars ser ut for å ha vore ein drivande kar, han sette opp sag på garden, og dreiv bordhandel. Han var 25 år og ekkjemann då han kom til Skipavåg, og hadde med seg to småjenter Marta og Eli. Fyrste kona var Marta Jonsdtr. Østabø. Syster til Bryndla, Borghild døyr visst ung, den andre systera Inger vert i 1791 gift med Paul Nielsen Vidvei i Suldal. –Slekta etter henne bur på Vidvei i dag og der er stor etterslekt i Sand og Suldal.

Lars Tjeraldsen får skøyta på Skipavåg i 1770 for 144 riksdalar. Han og Bryndla hadde 6 born som vaks opp, 2 gutar og 4 jenter.

Den eldste av gutane Ola vert gift med Anna Persdtr. Lie av Jelsa. Same slekta bur på Lie enno. Tjerand vert gift med Gjertrud Aslaksdtr. Østrem ved Kopervik. Ho var av lensmannsslekta på Østrem, og dei busette seg på Karmøy.

Marta vert gift med syskenbarnet sitt Peder Endresen Sand. Far til Peder var bror til Lars Skipevåg (Tjeraldsen). Dei budde på ein av Sandsgardane. I manntal frå 1801 har Marta og Peder ein son Lars 2 år gamal.

Inger Larsdtr. Skipevåg vert gift med Johannes Nilsen Moe i Sand. Ho døyr straks og let etter seg 2 søner, Lars og Nils.

Johannes gifter seg att med systera Bryndla.

Den yngste av borna til Lars og Bryndla, Anna vert gift med Kittell Selland. Dei kjøpte Helland i Sand og sonen deira Kittel Helland, fødd 1822 vart prest i Amerika, seinare prest i Håland, sonen hans er arkitekt Helland i Stavanger. Av dei 2 døtrene til Lars frå fyrste ekteskap vert Marta gift til Haukås i Tysvær og Eli med Sjur Ommundsen, Rødne i Ølmedal.

Ola Larsen fødd 1776 får skøyte på garden i 1804 for 280 riksdalar, då er ikkje saga på garden med, denne kjøper han då faren døyr i 1809 for 200 dalar. Ola og Anna hadde 9 born.

1. Lars gift med Marta Torjusdtr. Ropeid, mor hennar Brita Torjusdtr. Var frå Våga.
2. Per, gift med Malena Myrane kjøpte eit stykke av garden, Vikane og busette seg der, slekt etter dei i Stavanger, agent Vold m.fl. og på Sand og Førland i Suldal.
3. Torjus, gift med Liva Saua og budde i Vikjå. Etterslekt i Sauda, Stavanger og Amerika.
4. Jone gift med Karina Buflåtå frå Jelsa. Dei busette seg på Hundvåg. Han var skipsbyggmester.
5. Ola, gift med Gurå Liabø, jordajenta. Dei budde på Liabø nokre år, men reiste til Amerika i 1861. Der er slekt etter dei der borte.
6. Bryndla vert gift med Ola Haualand. Dei budde i Haugesund.

7. Inger, gift med Helleik Haualand. Dei budde med Imslandssjøen, slekt etter dei i Imsland og USA.

8. Anna, den eldste, gift med Torjus Hustoft. Dei busette seg på Liabø. To av sønene deira, Ola og Torjus lever enno over 90 år gamle (1948)

9. Anna den yngre gift med Osmund Hustveit. Han var snekker og dei budde i Vikedalsosen. –Sonesonen deiras Osmund Holthe er noverande ordførar i Vikedal (1948).

Lars Olsen fødd 1807 fekk skøyte på garden i 1836, døydde i 1877. Han er enno kjend i nordre Ryfylke og Sunnhordland av eldre folk som haugianaren og lækpreikaren. –Lars og Marta hadde desse borna.

1. Brita, gift med Tormod Bjørnsen Nybru, foreldra til ordførar Bjørn Nybru som no er 82 år gamal. (1948). Slegt elles i Imsland, Vikedal og familien Røed i Stavanger.

2. Ola gift med Magla Bjørnsdtr. Nybru budde på ættegarden Skipavåg.

3. Torjus gift med Brita Bjørnsdtr. Nybru busette seg på Vormestrand. Postfolka Vormestrand i Stavanger og Bergens postkontor er borna deira, og slekt på Vormestrand, Vikedal og Imsland.

4. Lars gift med Helena Larsdtr. Rødne. Dei kjøpte nabogarden Rønnevik og busette seg der. Sønene deira, meieristyrar L. M. Skipevåg og Bernh. Skipevåg og to døtrer Marta og Brita som bur i Ølen.

5. Andreas gift med Eli Ropeid på Fatland i Sand. Budde først på Ropeid, seinare på Sanddal i Madla. Ropeidfolket i Madla er borna deira.

6. Tormod døydde ugift.

Ola og Magla Skipevåg hadde 10 born.

1. Marta, fødd 1869, gift med Bjørn T. Rønnevik

2. Lars, fødd 1871 den eldste av gutane lever enno (1948) folgemann 78 år gml.

3. Bjørn fødd 1874 meierikonsulenten død, gift med Ellen Mossige. –Budde på Bryne.

4. Magla Serine fødd 1876 gift med Chr. Berdines Finnvik

5. Olaus, fødd 1879. Var i Amerika frå 1904 til ca 1935, døydde heime i 1939.

6. Tormod, fødd 1882, ugift

7. Anna, fødd 1885 gift med Torger Gryte budde i Vikjå

8. Martine f. 1888 gift med Hallvard T. Hustoft, budde på Hustoft.

9. Johan, fødd 1891, ugift

10. Magla fødd 1893 gift med Karl Døske, budde i Øyna, Kvaløy

Lars Olsen som hadde garden var fyrst gift med Marta Andreasdr. Ropeid, ho døydde straks. Han vart attgift med Martine Tolleivsdtr. Hustoft. Med fyrste kone, ingen born som lever. Med andre kona 7 gutar.

Den eldste sonen Ola gift med Aslaug Rønnevik bur no på garden. Borna deira er tiende ættleden av slekta frå Lisbeth og Ola Torkelsen som kom her i 1691. Ola sit med den 8. skøyta. Garden er no skift. To søner til meierikonsulenten har og partar av han.